

BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
52282 LONEVÅG.
Tlf. 91186782.

Arne Marås,
Slettevegen 172,
5936 Manger.

Marås, gr.nr 63, br.nr. 11.
Radøy kommune. Hordaland fylke.

Kvednhuset på Marås.

TILSTANDSRAPPORT.

Kvednhuset står ved ei lita elv, eller bekk vestanfor innmarka på Marås.
 Det er ei typisk flaumkvedn, ho kunne berre brukast i regnversperiodar.

Slok og stemma.

Det har vore mykje arbeid i elva før kvednhuset kunne byggjast. Det er murt grunn til huset, fint murt sloklega, med ovikahol og inntaksstemma i elva.

Kvednagrunn og sloklega er fine enno. Vatnet har grave seg nye vegar frå stemma og renn no under sloklega fleire stader. Luka i stemma er ei steinhella, ho er på plass, men det renn ikkje vatn den vegen no. Luka stod open når kvedna ikkje var i bruk, slik at vatnet slapp ut av stemma. No er stemma alltid tom.

Sloket var steinslok øvst og treslok nedst. Ovikje og kallsloket var av tre. Steinsloklet lek no, tresloka er vekke.

Kvednhuset.

Mål 2,6 x 2,75 m.

Ved fyrste augnekast ser hust bra ut, men det hastar med vedlikehald.

20 m vest for huset går ein gardsveg. Då den vart laga kom ein stor stein ned lia og traff huset. Det tolde støyten, men vart flytta kring 20 cm mot elva. Steinen ligg ned for huset enno.

Taket er torvtak med vorteplast, det lek. Sperrere kan vera brukende, noko av sutaket må bytast.

Veggene er tømra. Svillstokkane er rotne, dei må bytast. Stokkane under kvednagolvet, m og golvet, kan truleg brukast.

Kledningen må ny på heile huset. Reknar med at det må nye opplengjer.

Grunna dei rotne svillstokkane har huset sige, me måtte saga av døra ned for å opna ho. Det må ny dør.

Innreidinga.

Kall, grunnslo, grima og stilling er vekke. Alt dette må nytt.

Kvednalega ser god ut, steinene er slitne, men kan brukas. Teina er brukende, men betane ho heng på såg dårlege ut. Lurar og mjølkista manglar.

RESTAURERINGSPLAN.

Fyrste trinn av restaureringa vert å berga hus og innreiding. Stemma og slok må koma i neste omgong. Skogen som veks innpå huset må fjernast.

Taket.

Eigaren har liva å ta torva av og legga pressenning over taket før vinteren.

Seinare må rote sutak bytast før ei legg heilsveist plastmembran og torv på att. Torva skal slutta mot kanesteinar i gavlene. Torvhaldskrokane skal vera av smijern, det skal vera synleg never på kanar og ufse.

Tømmeret.

Heile huet må jekkast opp slik at ein kan byta svillstokkane og få huset opp slik det var.

Tømmeret må styrkjast med nye opplengjer, på gavlamurane må opplengjene stå på steinar så dei ber huset.

Medan huset er oppjekka må ein flytta det attende på grunnen, slik det stod før. Ein kan dra det med

kraftige jekkestropper, men må stø det godt med skorer så det ikke flyttar ser sidelangs.

Kledning og dør.

All kledning må ny. Det må lagast ny dør, vonar hengsla kan brukast.

Kledningen må tjørebreidast minst 3 strok med tretjøra og kjokt linolja, blanda 1:1.

Kall.

Kallen er heilt vekke. Ein må reinska i grunnen under huset. Kanhenda finn ein då spenil og sigl der, elles må det nytt, og.

Kall, grunnslo, grima og stilling skal vera av sers gor alfura.

Kvednalega ser god ut, men ho må rettast opp så ho vert i vater att.

Teina og sko er fine, men betane må nye. Det same må lurane og mjølkista.

KOSTNADSOVERSLAG.

Materialar:

Tømmer	4 stk. 3 x 10 “, alfura, 3,0 m a kr 120 pr m	kr	1440	
Opplengjer m.m.	50 m 4 x 4”, a kr 64	kr	3200	
Kledning	25 kvm 1 x 8 -10” bord av alfura a kr 200	kr	5000	
Dør		kr	4000	
Sutak m.m.	20 kvm 1” bord a kr 150	kr	3000	
Ev. sperr	8 stk. 3 x 4”, 2,0 m a kr 50 pr m	kr	800	
Torvtaksmembran	12 kvm 1,2 m.m. a kr 100	kr	1200	
Torvhaldstokkar	2 stk 3,0 m 4 x 4” rein alfura a kr 70	kr	420	
Torvhaldskrokar	8 stk spesialsmidde a kr 120	kr	960	
Never til kanar og ufse		kr	5000	
Kvednkall	1 stk. 2,0 m 14 x 14”, alfura, a kr 1000	kr	2000	
Kallskjeker	30 m 5/4 x 6” alfura a kr 40	kr	1200	
Grunnslo	1 stk. 3,0 m 4 x 8” alfura a kr 150	kr	750	
Grima	1 stk. 2,5 m 6 x 4”, alfura, a kr 100	kr	250	
Stilling	1 stk. 3,0 m 6 x 4” alfura a kr 100	kr	300	
Stillingsskrue		kr	1000	
Smedarbeid (Spenil, sigl, skoninger, jytta og pik)		kr	12000	
Gjengestenger, skruar, spikar m.m.		kr	5000	
Lurar		kr	500	
Tjøremaling	40 l tretjøra og linolja a kr 161	kr	6440	55000
Reiseutlegg		kr	8000	
Arbeid		kr	75000	
Sum utan moms		kr	138000	
+ 25% moms		kr	34500	
Totalt		kr	172500	

Rune Rasmussen